



Forsand kommune

Levekår - Kulturseksjonen

Deres ref:

Vår ref:
00/01022-4

Saksbeh:
Eva Landre Meling

Arkivkode:
C90 &70

Dato:
15.02.01

Retningslinjer for ledsagerbevis for funksjonshemma

Gjeldande frå 1.01.2001.

Formål:

Ordninga med ledsagerbevis skal vere eit verkemiddel for å førebyggje isolasjon og medverke til auka livskvalitet for den funksjonshemma.

1. Ledsagerbevis kan tilståast personar med varige fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar/sjukdommar, som har behov for bistand.

Med varig funksjonshemming/sjukdom meiner ein at personen kan rekne med at forholda er dei same over minst 2-3 år.

Etter uttale frå lege eller anna instans kan det gjerast unntak.

2. Den funksjonshemma søker bustadkommunen på eige skjema som ein får ved å kontakte kulturseksjonen. Søkjaren må leggje ved passfoto, samt uttale frå lege, sosialseksjon eller pleie- og omsorgsseksjon om behovet for bistand.
3. Nedre aldersgrense for å få ledsagerbevis er normalt 8 år. Etter uttale frå lege eller anna instans kan det gjerast unntak, då ledsagerbeviset i første rekkje er relatert til funksjonshemminga.
4. Kulturseksjonen behandlar søknaden og utferdar ledsagerbeviset. Dokumentet/kortet må fornyast kvart 4. år.
5. Avslag på søknad om ledsagerbevis kan påklagast jmf Fvl § 28, 2.ledd. Klagefrist er 3 veker Fvl § 29, 2.ledd.
6. Ledsagerbeviset gir ingen rettar framfor resten av publikum dersom det er fullt på arrangement etc. Ved førehandsbestilling av billetter/påmelding, må dette skje på lik linje med andre. Den funksjonshemma må vidare opplyse om at ein har ledsagar med.
7. Søkjaren kan nytte den personen han til ei kvar tid ønskjer som følgje til ulike arrangement/aktivitetar. Krav til bistandsperson er at vedkommande er over 16 år.
8. Ledsagar går gratis på kultur/fritidsarrangement/transportmiddel som har akseptert ordninga. Ledsagar har ingen rett til evt. aktiv deltaking på arrangementa/fritidsaktivitetane utover å vere bistandsperson for den funksjonshemma.